

## Rundskriv R

---

Alle departementa  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-11/2017

Vår ref  
17/4811

Dato  
12.12.2017

### Rapportering til statsrekneskapen for 2018

Rundskrivet er fastsett av Finansdepartementet med heimel i *Reglement for økonomistyring i staten* § 3.

#### 1. Innleiing og innhald

Rundskrivet inneheld fristar og krav til rapporteringa til statsrekneskapen for 2018.

I pkt. 3 er det gjeve fristar for rapportering til statsrekneskapen for 2018. Pkt. 4 handlar om krav til rapportering til statsrekneskapen for ordinære statlege forvaltningsorgan ("bruttobudsjetterte verksemder") og statens forvaltningsbedrifter. Pkt. 5 handlar om rapportering til statsrekneskapen for verksemder med særskilde fullmakter til bruttoføring utanfor statsbudsjettet ("nettobudsjetterte verksemder") og statlege fond. Pkt. 6 handlar om nye krav og fristar frå 2018 for nettobudsjetterte verksemder til å rapportere rekneskapsdata som tilleggsinformasjon til statsrekneskapen i P-rapport, jf. òg rundskriv R-6/2017. Bruken av informasjon frå statsrekneskapen er omtalt i pkt. 7. I pkt. 7.2 er det gitt ei kort omtale av det utvida innhaldet i den månadlege publiseringa av statsrekneskapen og om ny tilleggsinformasjon frå dei nettobudsjetterte verksemdene.

#### 2. Verkeområdet for rundskrivet

Rundskrivet gjeld for statlege forvaltningsorgan, medrekna departement, jf. reglement for økonomistyring i staten § 2. Forvaltningsorgan omfattar bruttobudsjetterte verksemder, nettobudsjetterte verksemder og statens forvaltningsbedrifter. Desse er heretter kalla verksemder. Det vert presisert at rundskrivet òg gjeld ved forvaltning av statlege fond.

### 3. Fristar for å rapportere til statsrekneskapen for 2018

Fristar for S- og L-rapport for brutto- og nettobudsjetterte verksemder:

<u>Periode</u>	<u>Frist</u>	<u>Periode</u>	<u>Frist</u>
1.1. – 31.1.2018	15.2.2018	1.1. – 31.7.2018	15.8.2018
1.1. – 28.2.2018	15.3.2018	1.1. – 31.8.2018	14.9.2018
1.1. – 31.3.2018	16.4.2018	1.1. – 30.9.2018	15.10.2018
1.1. – 30.4.2018	15.5.2018	1.1. – 31.10.2018	15.11.2018
1.1. – 31.5.2018	15.6.2018	1.1. – 30.11.2018	14.12.2018
1.1. – 30.6.2018	16.7.2018	1.1. – 31.12.2018	15.1.2019

### 4. Rapportering frå bruttobudsjetterte verksemder og forvaltningsbedrifter (S-rapport)

#### 4.1 Rekneskapsrapport

Bruttobudsjetterte verksemder og forvaltningsbedrifter skal kvar måned, og innan fristane i pkt. 3, sende inn rekneskapsrapportar<sup>1</sup> etter kontantprinsippet med akkumulerte tal for den perioden rekneskapen omhandlar (S-rapport).

Rekneskapsrapportar til statsrekneskapen skal innehalde rekneskapslinjer etter følgjande struktur (sjå vedlegg 1 for meir informasjon):

- statskonto
- artskonto
- beløp
- fullmakt

Rekneskapsrapporten skal innehalde *statskonto* og *artskonto* etter følgjande definisjonar:

- *Statens kontoplan*: Ei standardisert inndeling av statsbudsjettet og statsrekneskapen i utgifter, inntekter, egedelar, gjeld og eigenkapital.
- *Statskonto*: Kontoar i statens kontoplan som skal inngå i rapporten til statsrekneskapen, jf. rundskriv R-101.
- *Standard kontoplan*: Ein felles, standard kontoplan som verksemdene skal bokføre på i sine rekneskap. Standard kontoplan er fastsett på eit obligatorisk siffernivå og delar inn og grupperer verksemdene sine utgifter/kostnader, inntekter, egedelar og gjeld etter art.
- *Artskonto*: Kontoar i standard kontoplan på obligatorisk siffernivå som skal inngå i rapporten til statsrekneskapen, jf. rundskriv R-102.

Kvar rekneskapsline skal innehalde fullmakt til postering på statskonto. Verksemda skal normalt nytte *eiga fullmakt*<sup>2</sup> når posteringa har heimel i tildelingsbrev til verksemda, og når

---

<sup>1</sup> Den einskilde verksemda vil normalt sende ein rapport til statsrekneskapen. Einskilde verksemder *kan* ha valt å organisere seg med fleire rekneskapsførarar, til dømes regionalt, slik at det vert sendt fleire rapportar til statsrekneskapen kvar måned.

<sup>2</sup> Verksemder som er omfatta av nettoføringsordninga for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift, skal bruke *eiga fullmakt* ved rapportering av betalt meirverdiavgift på kap. 1633, post 01. Dersom ei verksemd får belastningsfullmakt på ein budsjettpost (01-49) som inngår i nettoføringsordninga, kan betalt meirverdiavgift ved bruk av fullmakta rapporterast på kap. 1633, post 01 ved å nytte *belastningsfullmakt*, jf. rundskriv R-101.

posteringa gjeld statskontoar som er tilvist verksemda eller er felles og opne for alle verksemdar (sjå vedlegg 2). Ved postering på andre statskontoar (framandte kapittel) skal *belastningsfullmakt* nyttast.

Forvaltningsbedriftene og Statens direkte engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) skal for post 24 driftsresultat i tillegg rapportere på underpostar.

Rekneskapsrapporten skal sendast elektronisk til statsrekneskapan. Nærare detaljar om rekneskapsrapporteringa til statsrekneskapan finst på <https://dfo.no/fagområder/rapportering-til-statsregnskapet>.

Etter at verksemda har sendt inn rekneskapsrapporten skal ho hente avstemmingsliste frå statsrekneskapan og kontrollere at posteringane i statsrekneskapan er i samsvar med rekneskapan som er rapportert inn. Ved avvik skal feilen rettast etter instruksjon frå DFØ. Avstemminga skal dokumenterast. Sjå pkt. 4.3 om avstemming av mellomvære med statskassa.

#### **4.2 Om rapportering av mellomvære med statskassa**

Kvar rekneskapsfører<sup>3</sup> er tildelt kvar sin 6-sifra statskonto for mellomvære med statskassa. Transaksjonar på balanse-/interimskontoar skal i S-rapporten rapporterast på statskontoen for mellomvære med statskassa og vera spesifisert med artskonto etter standard kontoplan på obligatorisk nivå, jf. vedlegg 1.

Statskontoen for mellomvære med statskassa skal vere spesifisert med artskonto<sup>4</sup> 1980 for inngåande beholdning (IB) og artskontoar for beholdningar av fordringar og gjeld ved utgangen av rapporteringsperioden.

For nærare omtale av artskonto 1980 *Avrekning mellomvære*, sjå rettleiing til standard kontoplan og omtale av kontogruppe 19. Her vert òg overføring av balansekontoar til nytt år omtalt, jf. <https://dfo.no/fagområder/standard-kontoplan>.

Sjå vedlegg 3 for meir informasjon om saldo på oppgjerskontoar ved årets slutt.

#### **4.3 Avstemming av mellomvære med statskassa**

Avstemming av mellomvære med statskassa skal dokumenterast ein gong i månaden. Det følgjer av *Bestemmelser om økonomistyring i staten* (bestemmelsene) pkt. 3.5.1 og 4.4.6. Verksemdene skal dokumentere balansen og avstemme og spesifisere rapporterte tal. Avstemminga og spesifikasjonen skal omfatte alle balanse-/interimskontoar.

---

<sup>3</sup> Sjå fotnote 1 om rekneskapsrapport og rekneskapsfører.

<sup>4</sup> Bruttobudsjetterte verksemdar nyttar artskonto 1980, medan forvaltningsverksemdene nyttar artskonto 1970.

Utgående balanse for mellomvære med statskassa for ein aktuell periode kjem fram slik i statsrekneskapen:

Inngående balanse per 1.1.	
+ Netto endring i mellomvære for rapporteringsperioden	
= Utgåande balanse for rapporteringsperioden	

Saldo på konto for mellomvære med statskassa skal spesifiserast på relevante artskontoar i kontoklasse 1 *Eigedelar* og kontoklasse 2 *Statens kapital og gjeld* ved rapportering til statsrekneskapen. Verksemdene pliktar å kunna dokumentere beløpa som inngår i mellomvære med statskassa.

#### 4.4 Handtering av feil i rekneskapsåret og ved årsavslutning

Dersom den periodevise kontrollen og oppfølginga mot statsrekneskapen avdekkjer feil eller manglar, skal verksemdene ta dette opp med DFØ slik at feilen kan korrigerast innan fristen for neste rekneskapsrapportering.

Rekneskapsrapporten frå den einskilde verksemda per 31. desember 2018, med rapporteringsfrist 15. januar 2019, skal vere ein komplett rekneskap utan kjente feil eller manglar. Dei einskilde departementa må understreke for dei underliggjande verksemdene at eventuelle feil og manglar som vert identifiserte i rekneskapen skal rapporterast til DFØ og korrigerast fortløpande. Som hovudregel skal dette gjerast innan neste rekneskapsrapportering, slik at førebels statsrekneskap for 2018 vert korrekt.

#### 4.5 Ved omorganisering

Når rekneskapsførarar vert overførde frå eit departement til eit anna, eller når rekneskapsførarar skal samlast i større einingar, eller vert delte opp, får det konsekvensar for mellomværet som dei har med statskassa.

Dersom dette skjer skal verksemdene kontakte DFØ så tidleg som mogleg for avklaring av korleis overføring av mellomvære og/eller opphør av mellomvære skal handsamast. Eventuelle endringar i oppgjerskontoar i Noregs Bank i samband med omorganisering må óg takast opp med DFØ, sjå rundskriv R-104.

### 5. Rapportering frå nettobudsjetterte verksemdar og statlege fond (L-rapport)

For nettobudsjetterte verksemdar og statlege fond vert det rapportert ein likvidrapport (L-rapport) til statsrekneskapen med likvidbevegelsen på oppgjerskonto i Noregs Bank, jf. bestemmelsene pkt. 3.5.4 og 3.5.6. Rapporten skal vere avstemd med rekneskapen til verksemda eller fondet før den vert sendt til statsrekneskapen.

Fristane for å levere L-rapport til DFØ går fram av pkt. 3. Rapporten inneheld mellom anna banksaldo og bankbevegelse på statskonto og artskonto (sjå vedlegg 4 for detaljar).

Innhaldet i rapporten vert kontrollert ved handsaminga i mottakssystemet. Kontrollen omfattar mellom anna nytta konto, saldo på konto i Noregs Bank og status på rapporteringa. Når mottakssystemet godtar ein L-rapport, vert rapporteringsstatus sett til «data validert ok». Den som rapporterer får ei kvittering som syner innhaldet i rapporteringa og om denne er

kontrollert og funne i orden. Det er ikkje funksjonalitet eller krav om å hente ut særskild avstemmingsliste for L-rapport.

For nettobudsjetterte verksemder og fond vert behaldninga på oppgjerskontoane ført over til nytt år, jf. pkt. 4.2 og vedlegg 3.

## **6. Resultat- og balanserapport for nettobudsjetterte verksemder (P-rapport)**

### **6.1 Månadleg resultat- og balanserapport for nettobudsjetterte verksemder**

Nettobudsjetterte verksemder skal frå 2018, kvar månad, og innan fristane i pkt. 6.2, sende inn resultat- og balanserapportering med akkumulerte tal for den perioden rekneskapen omhandlar. (Sjå òg vedlegg 5 om innhald i P-rapporten). Rapporteringa vil verte nytta som tilleggsinformasjon i den månadlege publiseringa på nettsida [statsregnskapet.no](https://statsregnskapet.no), jf. pkt. 7.2.

Nettobudsjetterte verksemder er pålagde å føre periodisert rekneskap etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), jf. bestemmelsene pk. 3.3.2. Det følgjer av bestemmelsene pkt. 4.4.2 og 3.3.2 at bokføringa av verksemdsrekneskapen må vere ajour ved avlagd årsrekneskap og ved rapportering av rekneskap etter SRS gjennom året, etter fristar fastsette av overordna departement.

Finansdepartementet legg til grunn at den månadlege innrapporteringa av brutto rekneskapstal i P-rapporten i minst mogeleg grad skal føre til meirarbeid for verksemdene, og vere basert på allereie bokførte tal, jf. òg omtale i R-6/2017 av 15. august 2017. For å kunne gjere meningsfylte samanlikningar av rekneskapsdata kvar månad, slik publiseringsløysinga statsregnskapet.no legg til rette for, er det ein føresetnad at verksemdene gjer einskilde periodiseringar før innsending av P-rapport. Verksemdene skal som eit minimum vere ajour med rekneskapsføringa av:

- inn- og utbetalingar (alle bankkontoar skal vere avstemt)
- ordinær løn og feriepengar
- avskrivningar av anleggsmidlar
- vesentlege kostnadar som normalt gjeld fleire rekneskapsperiodar (husleige m.m.)
- inntekt frå løyving\*

\*Det er ikkje krav om at prosjektrekneskap skal vere ajour ved kvar månadsrapportering, men verksemder som har større prosjekt bør inntektsføre inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar på eit aggregert nivå, slik at resultateffekten for prosjekta samla vert nær null.

Krav til P-rapport vil verte innarbeidd i bestemmelsene ved seinare oppdatering av desse, og etter at ein har hausta erfaringar med rapporteringa.

## 6.2 Fristar for P- rapport for nettobudsjetterte verksemdar

Fristane for den månadlege innrapporteringa av tilleggsinformasjonen gjennom P-rapporten er gjennomgåande sette ei veke seinare enn fristane for L- og S-rapporten i pkt. 3.

Periode	Frist	Periode	Frist
1.1. – 31.1.2018	20.3.2018**)	1.1. – 31.7.2018	22.8.2018
1.1. – 28.2.2018	22.3.2018	1.1. – 31.8.2018	21.9.2018
1.1. – 31.3.2018	23.4.2018	1.1. – 30.9.2018	22.10.2018
1.1. – 30.4.2018	22.5.2018	1.1. – 31.10.2018	22.11.2018
1.1. – 31.5.2018	22.6.2018	1.1. – 30.11.2018	20.12.2018
1.1. – 30.6.2018	23.7.2018	1.1. – 31.12.2018	15.3.2019

\*\*\*) Verksemdene må få med endeleg inngåande balanse 2018 ved rapporteringa for januar 2018. Fristen for rapportering av januar tala er difor sett til 20. mars 2018.

## 6.3 Overgangsordning – Rapportering for tidlegare år

2018 er fyrste året for denne rapporteringa. For at det skal vere mogleg å samanlikne tal for fleire år er det ynskjeleg at verksemdene òg sender inn tal for 2016 og 2017. Verksemdene skal difor sende full saldobalanse pr. 31.12 for desse åra ved å generere ei XML-fil på same måte som ved den månadlege rapporteringa for 2018. XML-fila med saldobalansane for tidlegare år skal ikkje leverast via mottakssystemet, men skal sendast til DFØ som vedlegg til ein e-post til [postmottak@dfo.no](mailto:postmottak@dfo.no).

Fristen for levering av saldobalansane pr. 31.12.2016 og 31.12.2017 er 15. mars 2018.

Rapportering for tidlegare år gjeld berre verksemdar som er aktive i 2018. Spørsmål om overgangsordninga kan rettast til DFØ.

## 7. Bruken av rekneskapsinformasjonen i statsrekneskapen

### 7.1 Primær bruk av S-rapport frå bruttobudsjetterte verksemdar og forvaltningsbedrifter og L-rapport frå nettobudsjetterte verksemdar og fond.

Når rapportane frå dei statlege verksemdene og rekneskapsførarane er mottekne, utarbeider DFØ kvar månad ein samla løyvingsrekneskap over budsjettkapitla til kvart departement. DFØ sender dei samla løyvingsrekneskapane til departementa. Når året er slutt, utarbeider DFØ ein endeleg løyvingsrekneskap og kapitalrekneskap som inngår i Meld. St. 3 om statsrekneskapen.

I tillegg til den primære bruken av statsrekneskapsinformasjonen i budsjettoppfølginga og i Meld. St. 3, har statsrekneskapen to andre sentrale bruksområde.

For det fyrste hentar Riksrevisjonen detaljert rekneskapsinformasjon frå statsrekneskapen. Informasjonen vert nytta i den årlige revisjonen og kontrollen med statsrekneskapen og revisjonen av rekneskapen i dei einskilde statlege verksemdene, jf. lova om Riksrevisjonen (lov 2004-05-07-21).

For det andre vert rekneskapsinformasjonen sendt til Statistisk sentralbyrå (SSB) som utarbeider nasjonalrekneskapen og statistikk om offentlege finansar. SSB utfører òg Noregs plikter knytt til internasjonal rapportering. SSB får tal frå statsrekneskapen kvar månad. Rapporteringa er basert på ein avstemt statsrekneskap som er spesifisert på kapittel/post-nivå, dvs. det same nivået som vert rapportert i meldinga til Stortinget.

SSB får i tillegg informasjon om dei einskilde rekneskapsrapportane som utgjer statsrekneskapen med rapportert rekneskap per rekneskapsfører som syner kapittel/post, standard kontoplan, jf. rundskriv R-102, og rapportert underpost for kvar eining med utgiftspost 24 (forvaltningsverksemdar), jf. rundskriv R-101.

## 7.2 Publisering av månadleg statsrekneskap

DFØ publiserer kvar månad på sine nettsider ein førebels løyvingsrekneskap for utgifter og inntekter på kapittel/post.

I tillegg vert månadleg rekneskap etter standard kontoplan publisert på DFØs heimesider ved ei rådatafil som omfattar heile løyvingsrekneskapen. Fila inneheld òg alle kapittel og postar og informasjon etter standard kontoplan, verksemd, fagdepartement for den einskilde budsjettpost, og ansvarleg departement for den rapporterende verksemda.

For månadene januar til november vert rekneskapen lagt ut fyrste arbeidsdag i månaden etter rapporteringsfristen til statsrekneskapen. For rekneskapen per 31. desember vert rekneskapen lagt ut fyrste arbeidsdag i månaden etter at rekneskapen er bekrefta av departementa, normalt fyrste arbeidsdag i mars.

Frå 2017 har DFØ modernisert og laga ei utvida publiseringsløysing som er tilgjengeleg på statsregnskapet.no. Det er mellom anna betre høve til å søke i data og nytte desse til analyse og samanlikning av ressursbruken mellom statlege verksemdar og over tid, jf. omtale i kap. 8.4.1 i Prop. 1 S (2016–2017) *Statsbudsjettet 2017*. Siktemålet er å gjere rekneskapsinformasjonen betre tilgjengeleg og nyttig for eit breitt publikum. I 2018 vert det lagt til rette for at løysinga òg vil omfatte nettobudsjetterte verksemdar med visning av tal både frå resultat- og balanserekneskapen, jf. pkt. 6 ovanfor.

## 7. Forvaltning

Forvaltninga av statsrekneskapen ligg til DFØ. Som del av denne oppgåva fastset DFØ nærare krav til rekneskapsrapportane og gjev retningslinjer for korleis verksemdene skal rapportere. Sjå nettsidene til DFØ for meir informasjon: <https://dfo.no/fagområder/rapportering-til-statsregnskapet>

Retningslinjene og oppdatert informasjon om standard kontoplan finst på nettsidene til DFØ, [www.dfo.no](http://www.dfo.no). Sjå òg lenkja <https://dfo.no/fagområder/standard-kontoplan>

Har du spørsmål om rapporteringa til statsrekneskapen kan dei rettast til DFØ:

Seksjon for statlig regnskapsføring  
Telefon sentralbord: 40 00 79 97  
E-post: [postmottak@dfo.no](mailto:postmottak@dfo.no)

Med helsing

Frode Tarjei Selman e.f.  
*avdelingsdirektør*

Torstein Sørbotten  
*fagdirektør*

Vedlegg (5)

Kopi:  
Stortingets administrasjon  
Riksrevisjonen  
Direktoratet for økonomistyring

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ikkje handskrivne signaturar.*



## Vedlegg 1

Månadleg saldorapport (S-rapport) til statsrekneskapen skal innehalde rekneskapslinjer med følgjande informasjon:

Statskonto	Artskonto	Saldo	Merknad
Kkkkpp	aaa	000 000	Ein rad for kvar aktuelle statskonto i løvingsrekneskapen i nummerserien 0001-5999. Kapittel og post utgjør 6 siffer. For post 24 nyttar forvaltningsbedriftene 8 siffer (underpost). Artskonto etter standard kontoplan på obligatorisk nivå, normalt på 3 siffer.
60xxxxxx	19x	000 000	Ein rad for kvar tilviste 8-sifra statskonto i 60-serien i kapitalrekneskapen til verksemda sine bankkontoar/oppgjerskontoar i Noregs Bank. Artskonto 19x, der 193 nyttast for bankkonto innbetaling, 194 nyttast for bankkonto utbetaling og 195 nyttast dersom verksemda har tatt i bruk ein oppgjerskonto som dekkjer både inn- og utbetaling.
7xxxxxx	1980/1970 1xx 2xx	000 000	Eigen 6-sifra statskonto i 70-72-serien i kapitalrekneskapen til verksemda sitt mellomvære med statskassa. Statskontoen skal spesifiserast med artskontoar i fleire rader: Artskonto 1xx for spesifisering av verksemda si beholdning av fordringar. Artskonto 2xx for spesifisering av verksemda si beholdning av gjeld. For nærare omtale av artskonto1980 (1970) <i>Avrekning mellomvære</i> , sjå rettleiing til standard kontoplan og omtale av kontogruppe 19. Her vert og overføring av balansekontoar til nytt år omtalt, jf. <a href="https://dfo.no/fagområder/standard-kontoplan">https://dfo.no/fagområder/standard-kontoplan</a> Samla rapportering av IB og beholdningar av mellomvære over statskonto 7xxxxxx svarer til netto endring av mellomværet.
6000-9999	xxx	000 000	Normalt 6-sifra statskonto dersom verksemda er tilvist andre statskontoar å rapportera på i kapitalrekneskapen. Artskonto etter standard kontoplan på obligatorisk nivå, normalt på 3 siffer.

Kvar rekneskapsline skal i tillegg innehalde fullmakt til postering på statskonto.

Rekneskapsrapporten skal sendast elektronisk til statsrekneskapen. Sjå meir om rekneskapsrapporteringa på: <https://dfo.no/fagområder/rapportering-til-statsregnskapet>

## Vedlegg 2

Felleskontoar som skal rapporterast som Eiga fullmakt til statsrekneskapen.

Kap 5309 Tilfeldige inntekter, post 29 Ymse

Kap 5341 Avdrag på uteståande fordringar,  
post 91 Alminnelege fordringar

Kap 5603 Renter av statens kapital i statens forretningsdrift,  
post 80 Renter av statens faste kapital  
post 81 Renter av mellomrekneskapen

Kap 5605 Renter av statskassas kontantbeholdning og andre fordringar,  
post 83 Av alminnelege fordringar

Kap 5700 Folketrygdas inntekter,  
post 72 Arbeidsgjevaravgift

### Vedlegg 3

Saldo på oppgjerskontoar ved årets slutt

Noregs Bank fører saldo på verksemda sin(e) oppgjerskonto(ar) slik at kontoane syner 0 (null) ved starten av nytt rekneskapsår. Saldo på oppgjerskonto(ar) vert nullstilt ved at saldo vert ført over til statskassas årsoppgjerskonto i Noregs Bank.

Tømming av oppgjerskontoane skal skje i fyrste rekneskapsperiode (januar) og ikkje siste rekneskapsperiode (desember). Tømmebeløpet vil gå fram av første kontoutskrift frå Noregs Bank for januar.

Verksemda skal ved overføring av utgåande balanse til nytt rekneskapsår bokføre saldoen på oppgjerskontoen mot avrekning med statskassa i kontospesifikasjonen, slik at saldo på dei oppgjerskontoar verksemda disponerer viser 0 (null) ved starten av nytt rekneskapsår. Nullstillinga av saldo ved overføring av utgåande balanse til nytt rekneskapsår skal ikkje inngå i årets bevegelsar på oppgjerskontoen(e), og heller ikkje i årets bevegelsar som rapporterast til statsrekneskapen.

Unntak frå denne prosedyren er nettobudsjetterte verksemder og fond der beholdningar på oppgjerskontoane vert overførte til nytt år.

## Vedlegg 4

Informasjon som skal fyllast ut i L-rapporten:

Periode			
Org. Nr.			
Regnskapssentral	*		
	Statskonto	Artskonto	Beløp
IB	*		
Bevegelse	*		
UB	*		

\*) Førehandsutfylt i systemet.

- *Periode:* Den perioden som rapporteringa gjeld (ååååmm)
- *Org.nr.:* Verksemda sitt organisasjonsnummer eller tildelt nummer fra DFØ for statlige fond.
- *Rekneskapssentral:* Vert automatisk fylde inn av systemet ut frå informasjonen som er registrert på org.nr.
- *IB beløp:* Inngåande balanse for rapporteringsperioden
- *Endring:* Summen av betalingstransaksjoner for rapporteringsperioden.
- *UB beløp:* Utgåande balanse for rapporteringsperioden.
- *Statskonto:* Tildelt 6- eller 8-sifra statskonto i kontogruppe 81/82 (førehandsutfylt)
- *Artskonto:* Frå 2017 skal artskonto 238 nyttast, enten rapporteringa gjeld eit statleg fond eller ei nettobudsjettert verksemd.

I rapporteringsperioden overfører DFØ kvar dag godkjende L-rapportar frå mottakssystemet til kontospesifikasjonen i statsrekneskapen. Dersom brukaren ynskjer det, kan han, etter at DFØ har oppdatert kontospesifikasjonen, bestille ei utvida kvittering. Denne vil syne ein L-rapport med informasjon om overføringa til kontospesifikasjonen, mellom anna statskonto 600110 med artskonto 196, som vert nytta som automatisk motpost ved rapportering av L-rapporten.

Departementa mottok informasjon om likviditeten i kapitalrekneskapen i den månadlege rapporteringa frå DFØ etter at rapporteringa til statsrekneskapen er avslutta. Kapitalrekneskapen syner bankbevegelser og saldo i Noregs Bank for alle nettobudsjetterte verksemder og fond som rapporterer til statsrekneskapen.

Meir informasjon om likvidrapporteringa til statsrekneskapen finst på <https://dfo.no/fagområder/rapportering-til-statsregnskapet/veiledning-til-regnskapsrapportering>.

## Vedlegg 5

*Informasjon som skal inngå i P-rapporten:*

Utgangspunktet for dei nettobudsjetterte verksemdene ved rapporteringa er endeleg saldoliste i kontospesifikasjonen, (akkumulerte tal, hittil i år, for den perioden rekneskapen omhandlar). Rapporten skal mellom anna innehalde organisasjonsnummeret til verksemda (rekneskapsføraren), rekneskapsperiode, artskonto, kontotekst og beløp. Nærare omtale av XML-formatet finn du på heimesidane til DFØ - [dfo.no](http://dfo.no).

DFØ har i samband med den kommande endringa i rapporteringa for nettobudsjetterte verksemdar vore i kontakt med alle dei aktuelle leverandørane av økonomisystem til staten. Desse har innarbeidd nødvendige tilpassingar i sine økonomisystem (Unit4/Agresso, Oracle og Instidata.)